



## Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 25.01.2016

**Til stades:** Adle Helen Tveiten Øya, Svanhild Verpe Moen, Tellef Solås, Fotballgrupp v. Anne Brennemo (ref), A-laget v. Øyvind Oland, Skigruppa v. Terje Øverland og Geir Særsland, Ridegruppa v. Sandra Ryen og Valkomiteen v. Jon Aarbak (sak 2)

**Forfall:** Iselin Stundal og Handballgruppa

### **Sak 1/16 Gjennomgang av referat frå sist styremøte. Her vil vi gå gjennom tiltaka frå undergruppene frå møtet før jul**

Fotball: Prosjekt Vest-Telemark er lagt inn i budsjett. Prosjekt klubbhus og FFO er fortsatt i ein planleggingsfase.

Ski: Problem med oppmøte av større barn pga teknikktraining og J12 trening samme dag. Tellef lager regler på trening. Forslag om å ha litt ski og fotballtrening saman.

Friidrett: er i full gang med planlegging av motbakke løp.

Handball: Svanhild har snakket med Anne ang oppslagstavle. Problemet er plassering. Leif sjekkar opp dette. Det er meldt på til 3 turneringar, mogleg ei må meldas av igjen.

### **Sak 2/16 Rapport frå valkomiteen og viser til brev sendt valnemnda før jul**

Jon gjekk igjennom lista til valnemnda. Hovudstyre treng skrivar, nestleiar og vara. Olav Moen ikkje svart om han fortsett som revisor. Valnemnda treng ny leiar og eit varamedlem.

### **Sak 3/16 Gjennomgang avdelingsrekneskapen, godkjenning av årsrekneskap for 2015 inkl. Dyrskurekneskapen**

Bra resultat. Fått 16 000,- av kommunen og 100 000,- av sparebanken Din. Inntekt frå Dyrskun noko redusert.

### **Sak 4/16 Forslag til budsjett 2016 frå undergruppene og hovudlaget**

Gått igjennom. Ingen merknader.

### **Sak 5/16 Årsmøtet 2016 er sett til måndag 29.2 med forslag til agenda med årsmøtesaker og årsmelding**

Ny lovnorm skal vedtakas på årsmøtet.

Forslag om nye grupper: Friidrettsgruppe, sykkelgruppe, idretts skule for barn og idretts skule for ungdom. Under desse vil barneidretten og styrketreninga ligge. Her er det molegheter for å søke om støtteordningar. Søknadsfrist 30. april. Betalte trenerar, auke lønsutgifter på hovudlagets budsjett.

Ridegruppa har ikkje hatt ein plass å være, skal difor ikkje betale treningsavgift.

Må få sende ut kontingent tidlegare, prøve å få sendt ut 1. mars.

Prosjekt klubbhus må vedtakas på årsmøte. Kjem i så fall inn i budsjett for 2017. Søke Gjensidige om støtte.

Skigruppa må lage eit kostnadsoverslag; heishus, garasje etc. Dette må komme som sak på årsmøte.

### **Sak 6/16 Ymse**

Må ha ny medlemsansvarlig siden Svanhild går ut av styre. Bør være eigen "stilling". Om det blir jobben til nestleiar, må vedkomande vere klar over dette. Svanhild tek opplæring.